



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Alexander Reppert, 51568727

Høyrings svar til offentleg ettersyn av plan 2084 på gnr./bnr. 15/278 m.fl. Haugehjørnet, Karmøy

Me viser til kommunen si oversending frå 4. februar.

Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Haugehjørnet i Karmøy kommune. Føremålet med planen er å legg til rette for 38 bustader i form av blokkbebyggelse, med næring og/eller kontor i første etasje. Det leggjast og til rette for parkområde og parkering.

Frå oversendinga går det fram at det skal opparbeidast felles leike- og uteopphaldsareal i 2. etasje av blokkbebyggelsen. På bakkenivå er det lagt inn eit område på 220 m² med føremål park. Fylkesmannen viser i denne forbindelsen til regional plan for Haugalandet og anbefalte normer for minste felles uteopphaldsareal på terreng, samt arealkrav til leikeområde. Slik me ser det er ikkje retningslinene godt nok ivaretatt i planen.

Fylkesmannen vurderer at løysninga for leikeareal i planen ikkje er av god nok kvalitet til å sikre til at barn og unge skal kunne utfolde seg og skape eige leikemiljø. Planen må legge større vekt på areala som gjer det mogleg for barn, unge og vaksne å samhandle. Jf. punkt 5, krav til fysisk utforming, i dei rikspolitiske retningslinene for å styrke barn og unge sine interesser i planlegging.

Fylkesmannen fremmer **motsegn** til planen med grunnlag i at planen manglar tilstrekkeleg areal til å ivareta omsynet til barn og unge. Meir leike- og grøntareal på terrengnivå, som sikrar gode leike- og opphaldsareal, må leggjast inn i planområdet.

Med helsing

Harald Thune
ass. fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger